

Vi viser til brev frå Det samfunnsvitskapelege fakultet som gjeld årsrapport for utdanning.

Årsrapport for utdanning 2019

Institutt for sosialantropologi

Oppfølging av årsrapport for utdanning 2018

Praksisemne

Arbeidet med å utvikle eit praksisemne for bachelorstudentar i sosialantropologi starta hausten 2018, etter at instituttet fekk innvilga utdanningsstrategiske midlar til dette.

Planen var å få til oppstart hausten 2020, men vi ser at dette må leggast førebels på is, då instituttet ikkje har undervisings- og administrative ressursar til å kunne tilby praksisemne slik situasjonen er no.

Vi er også nøydd til å sjå dette i samanheng med revisjon av Masterprogrammet i sosialantropologi (sjå under), då eit eventuelt nytt opplegg vil krevje meir undervisingsressursar som vil kunne gå ut over moglegheitene til å satse på eit «kostbart» praksisemne. Det kan vere aktuelt å vurdere om praksis på ulike måtar kan integrerast i andre emne, både på bachelor- og masternivå.

EVU-emne

SANT660 Fleirkulturell forståing og kommunikasjon går våren 2020 for tredje gong. Kurset hadde høge søkartal dei to første åra. I 2019 opplevde dessverre UiB Vidare manglande ressursar og lite kapasitet til å drive promotering, noko som fekk direkte konsekvens for oss. Vi fekk heller ikkje beskjed om situasjonen, noko vi synest er kritikkverdige, for vi kunne då i større grad ha nytta egne kanalar for trekke potensielle studentar til emnet.

Det er 11 aktive studentar per mars 2020.

Forskningsfronten i undervisning

Våren 2019 tilbød vi SANT280-14 The Frontier of Anthropological Research: The Anthropology of Post-Socialist Societies and Beyond, som er ein del av forskingsprosjektet NorGePart, finansiert av DIKU og leia av professor Tone Bringa. 24 kandidatar vart vurderte i emnet. Det skal gå tre år på rad.

I tillegg gjekk SANT285-3 Current Anthropological Research: The Anthropology of the Environment. 32 kandidatar vart vurderte og omlag halvparten av desse var utvekslingsstudentar.

Hausten 2019 tilbød vi SANT285-3 Current Anthropological Research: The Anthropology of Food gjekk hausten 2019. Også her vart 32 kandidatar vurderte, og omlag halvparten var utvekslingsstudentar.

Utvikling av eit engelskspråkleg masterprogram

Det vart i 2018 nedsett ein komité for å sjå på moglegheita for å utvikle eit engelsk masterprogram. Mandatet var å legge fram eit forslag om eit engelskspråkleg masterprogram

som kunne gå parallelt med det norske. Konklusjonen frå deira arbeid var at det ville krevje mykje undervisningsressursar som ikkje vil la seg gjennomføre slik situasjonen er, og forslaget vart derfor lagt på is. I tillegg skjer det fleire prosessar ved UiB no som kan spele inn, spesielt utvikling av tverrfaglege masterprogram innanfor tematikkar som kan vere aktuelle for oss å samarbeide med eller bidra inn i.

Ein ny komité skal sjå på moglegheitene for eit engelskspråkleg masterprogram – til erstatning av det noverande norske – og skal etter plan legge fram eit forslag om dette til staben hausten 2020.

SANT270 - Sommarskule i antropologiske forskingsmetodar

Sumaren 2019 vart det i samarbeid med Tbilisi State University arrangert sommarskule i antropologiske forskingsmetodar i Georgia. Det er 14 studentar som deltek – sju frå Noreg og sju frå Georgia.

Undervisninga varte i to veker i juli/august og bestod av innleiande forelesingar og seminar som gav ei teoretisk innføring i metodar og teknikkar i antropologisk forskning.

Norske og georgiske studentar utførte eit feltarbeid over 4-5 dagar, i par. Dei kunne velje mellom urbant eller ruralt feltarbeid, og hadde eitt breidt spekter med tematikkar. Studentane blir rettleia i feltarbeidsprosjektet, og skal skrive feltrapport og presentere innsikter frå feltarbeidet.

Sommarskulen er arrangert i regi av [prosjektet NorGePart](#), er finansiert av DIKU og blir tilbode tre somrar på rad.

Det vart ingen formell evaluering av sommarskulen 2019, men tilbakemeldingane vi fekk frå studentane var svært positive.


Emne- og programevaluering for 2019

Oversikt over emne- og programevalueringar for 2019


Emne/program	Punkter frå evaluering	Plan for oppfølging
BASV-SANT Programsensorrapport	Rapporten frå Rune Flikke er ble diskutert i Undervisingsutvalet den 09.03.2020	Status per mars 2020: Rapporten er underkjent og sendt tilbake med merknadar
SANT102	Under evaluering – det generelle inntrykket er at studentane er fornøgde med både forelesing og arbeidsgruppe	Oppdatering av pensum
SANT260 Bacheloroppgåve	Fornøgde med opplegget, men ønskjer meir fokus på døme frå gode oppgåver	Innføre halvdagsseminar der ein går gjennom andre oppgåver og ser på struktur
SANT105 Power: its articulations and disguises	Emneevalueringa er ikkje ferdigstilt per dags dato	
SANT290	Stod oppsett på emneevalueringsskalenderen, men emnet vart utsett til våren 2020, og blir evaluert då.	

Gjennomføringstall for 2019

Når det gjeld **kandidatproduksjon frå bachelorprogrammet** har talet vore stabilt i perioden 2015-2018, med merkbar auke i 2019. Sjå figur under.



For **kandidatproduksjon på master** har talet gått frå 6 kandidatar i 2017 til 12 i 2018 og 2019, og er no tilbake på nivå med 2016. Sjå figur under.



Instituttet har hatt ei jamn auking når det gjeld **studiepoengproduksjon** frå 2016 med eitt hopp i 2019 frå 148 til 198 årseiningar.

Når ein ser på **studiepoeng per student per institutt** kan ein sjå at instituttet har ein merkbar oppgang for 2019.

Emnenavn	2016	2017	2018	2019
	Studiepoeng produksjon (60 stp. enh.)	Studiepoeng produksjon (60 stp. enh.)	Studiepoeng produksjon (60 stp. enh.)	Studiepoeng produksjon (60 stp. enh.)
Akademisk skriving, metode og teori: antropologiske tilnærmingar	12,83	15,33	14,17	
Akademisk skriving, metode og teori: antropologiske tilnærmingar				16,5
Anthropology, Intervention and Development Bacheloroppgave	2,33	2		
Comparison: Foundations in Anthropological Theory and Methodology	5	9,25	4,5	9,5
Culture, Meaning and Communication	0,75			
Current Anthropological Research: Anthropology of the Environment	19,75	18,25	27,25	25
Current Anthropological Research: The Anthropology of Food				5,33
Current Anthropological Research: The Anthropology of Liberation - Utopias, Revolutions and Resistance			3,17	
Current Anthropological Research: The Anthropology of Oil			4,5	
Current Anthropological Research: The Global Anthropology of Climate Change		6,33		
Examen facultatum - Invitasjon til sosialantropologi	13	14,67	14,33	17,5
Komparativ regional etnografi	6	9,5	5,5	11
Kultur, mening og kommunikasjon	0			
Makt: uttrykk og tilsøringar			22,75	17,75
Måktens uttrykk og tilsøringar	13,5	13		
Materialitet: miljø, sted og økonomi	15,75	19,25	20,5	24,5
Poverty, Welfare and Marginalisation: An Ethnographic Approach to Modern Urban Life	11,75	3,5	6	9,25
Sommarskole i antropologiske forskningsmetoder				1,17
Sosialt liv i globalt perspektiv	15,5	22	21,5	22,5
The Frontier of Anthropological Research - Eurasian Borderlands: Spatializing Borders after State-Collapse	1,42			
The Frontier of Anthropological Research: Experiments in Egalitarianism			1,75	
The Frontier of Anthropological Research: The Anthropology of Post-Socialist Societies and Beyond				2
The Frontier of Anthropological Research: Theories of Nationalism and Citizenship Revisited		1,33		
Sum	117,58	134,42	145,92	167,33

Ser ein på **studiepoengproduksjon per student fordelt på bachelorprogram** hadde institutt for sosialantropologi ein liten nedgang frå 2017 til 2018, men er no oppe igjen til 21-22 per semester som er omtrent på nivå med tidlegare år.

Studiepoengproduksjon per student fordelt på masterprogram viser ein nedgang mellom 2014-2018, men er no oppe igjen til 20-24 per semester.

For årsstudiet er trenden motsett, og det har vore ei auking i **studiepoengproduksjon per student fordelt på årsstudiar**.

Studieportefølje

Planer for nedlegging, oppretting eller endring av studieprogram

Sjå ovanfor for skildring av praksisemne, engelskspråkleg masterprogram og sommarskule i Georgia. Elles melder vi inn emne i forskningsfront-rekka (SANT280-, SANT285- og SANT290-innan gjeldande fristar), og har ingen større planar for augeblikket.

Dimensjonering av studietilbudet

Gi en kort vurdering av hvordan instituttets studietilbud er dimensjonert i forhold til undervisningsressursene som er tilgjengelige.

Det har vore ei jamn auke i opptaket til BA-programmet dei siste åra. Talet på aktive studentar var hausten 2019 så høgt som 245 studentar, mot 174 i 2016. Vi tar opp med eit totalt opptak på 120 i 2019, mot 68 i 2014.

Dette krev mykje av våre tilsette, når det kjem til dagleg drift, sensur, e-postar og spørsmål frå studentane osv. Vi ser også at krava til auka eksternfinansiering fører til lite kontinuitet i undervisinga. Frikjøp av fast tilsette gjer at vi får større bruk av vikar og mellombels tilsette, noko som går ut over undervisningsplanlegging, vår evne til å følge opp tiltak retta mot studentane og så vidare. Evalueringar og sjølvevalueringar er sjølvsagt nyttige, men kan ikkje erstatte den einskilde undervisar sin kalibrering av emne.

Utdanningsprosjektar knyttet til UiBs satsingsområde

Oppgi kort eksisterende eller planlagte emner eller program som er knyttet opp mot UiBs tre satsingsområde: globale samfunnsutfordringar, marin forskning og klima og energiomstilling.

Generelt vil vi påpeike at dei fleste av våre emne på bachelornivå er relevante for UiB sine satsingsområde, særleg innanfor globale samfunnsutfordringar og temaet ulikskap. Vidare er Synnøve Bendixsen involvert i utarbeiding av søknad om Joint Master in Migration and Integration. Instituttet har også vore ein viktig aktør i felles tverrfaglege og engelskspråklege opplegg for Master I globale samfunnsutfordringar. Vi kan også nemne at Edvard Hviding har vore involvert i utvikling av emnet OneOcean, om hav og klima.

SANT285-3 - Current Anthropological Research: Anthropology of the Environment gjekk våren 2019. 32 kandidatar ble vurderte, og dei fleste av studentane på emnet var utvekslingsstudentar.

Sjå ovanfor om SANT285-1 Current Anthropological Research: The Anthropology of Oil.

SANT240 Poverty, Welfare and Marginalisation: An Ethnographic Approach to Modern Urban Life.

Arbeid knyttet til studiekvalitet

Beskriv kort status knyttet til UiBs målsettingar om studiekvalitet, inkludert satsingsområde i [Handlingsplanen for kvalitet i utdanning](#).

Kontakt med arbeidslivet, inkludert praksis

Vi samarbeider med fagutvalet om å arrangere seminar om yrkesrelevans kvart semester. Om hausten blir 4-5 alumnar invitert til å snakke om sitt arbeid. Karrieresenteret ved Saman blir invitert for å halde seminar med trening i jobbsøk; intervjutrening, CV- og søknadsskriving mv.

På heimesidene til instituttet blir mangfaldet i kor studentane våre får jobb vist med alumnusportrett. Vi etablerte også eit arbeidslivspanel ved instituttet for nokre år sidan, og vi ønskjer å bruke dei som ressurs i større grad framover enn vi har gjort.

Studentutveksling

Vi jobbar målretta for å få fleire studentar til å reise på utveksling. Tiltak inkluderer infomøte to gonger i semesteret, gode og inspirerande nettsider og reisebrev frå studentar som skriv om opphaldet deira. Talet på antal studentar som reiser på utveksling er aukande: 10 i 2017, 24 i 2018 og 31 i 2019.

Etter- og vidareutdanning

Generelt opplever vi høg interesse for SANT660 Fleirkulturell forståing og kommunikasjon og kurset får gode tilbakemeldingar. Som nemd over, grunna UiB Vidare sin ressursituasjon såg vi ein nedgang i søkartalet for våren 2020, men vi førebur oss på å ha tett dialog med UiB Vidare kring markedsføring av kurset for våren 2021, og reknar med at dette vil medføre at søkartalet aukar igjen.

Instituttet har førebels ingen planar om å auke storleiken på kurset eller opprette fleire EVU-kurs.

Særskilte tema for 2019/2020

Gjennomføring

Beskriv kort gjennomførte og planlagte tiltak for å øke studentenes gjennomføring på normert tid og eventuelle effekter og evalueringer av tiltakene.

Nokre tiltak vi tenkjer har effekt på auka gjennomføring på bachelornivå er følgjande:

- Dynamiske arbeidsgrupper og kort avstand til instituttet via undervisningsassistentane/mentorane
- Mykje aktivitet i fagutval og Kula Kula, og kort avstand til studiekonsulent og undervisningsassistentane.
- Antrofredag: eit ekstra møtepunkt på tvers av kull med fokus på fag.

På masternivå innførte vi i 2019 at studentane må utarbeide ein slutføringsplan for det siste semesteret, og håper at det vil få fleire til å levere på normert tid.

Studentaktive og varierte undervisnings- og vurderingsformer

Beskriv kort hvordan instituttet arbeider med studentaktive og varierte undervisnings- og vurderingsformer. Gi gjerne noen eksempler.

Vi har dei siste åra fokusert på å auke variasjonen på **vurderingsform** ved å erstatte skuleeksamen med heimeeksamen på fleire emne (SANT150, SANT215 og forskingsfront-emna SANT280-, SANT285- og SANT290-). Justerande munnleg eksamen nyttast på SANT260 og SANT350 (BA- og MA-oppgåva).

Når det gjeld **undervisningsformar** har vi auka fokus på skrivetrening sidan vi innførte SANT150 i 2016. Elles får førsteårsstudentane praktisk erfaring med metode, gruppearbeid, rapportskriving og presentasjon gjennom minifeltarbeid på SANT100.

Dei siste par åra har vi auka oppfølgjinga i SANT260 Bacheloroppgåve i sosialantropologi. No får studentane verktøy til å komme tidleg i gang, gjennom samtale med alle rettleiarane ved semesterstart og jamne innleveringar gjennom heile kurset. I tillegg har vi varierte undervisningsformar, som halv- og heildagsseminar der studentane skal gi tilbakemeldingar til kvarandre.

Forskingsfront-emna er ein arena der ein nyttar fleksible og nye undervisningsformar. Eit døme på dette er ekskursjon til Mongstad under SANT285-1 The Anthropology of Oil.

Undervisningsassistentane er gode på å nytte Canvas sine funksjonar og gjere undervisinga meir tilgjengeleg og inkluderande, både gjennom diskusjonsforum og skrivestove.

Sjå også informasjon om sommarskolen SANT270 på side 1. Vi opplever at dette er ein motivasjon for mange for å få innblikk i antropologisk metode og også rekruttering til masterprogrammet.

Studiebarometeret 2019

Kommenter instituttets resultater i [Studiebarometeret 2019](#) – særlig knyttet til medvirkning og arbeidslivsrelevans. Kommenter gjerne programspesifikke resultater der dette er mulig.

Vi er godt fornøgte med resultatene i Studiebarometeret 2019 – og sjølvsagt aller mest nøgd med vurderingene av masterprogrammet vårt: Programmet vart rangert som topp 10 ved UiB i 2019.

På bachelornivå er vi også godt fornøgte med å skåre høgare på heilskapsvurdering enn nokon gong: 4,3 av 5 i alt.

At vi skårer lågt på arbeidslivsrelevans (noko vi ikkje er aleine om) er inga overrasking – sosialantropologi er ikkje eitt yrkesfag. Vi kan dog bli flinkare til å formidle at feltarbeidet er ei viktig form for praksis som førebur studentane meir på arbeidslivet enn ein skulle tru, både kva gjeld generell kompetanse frå utdanninga som heilskap, og spisskompetanse ut i frå sitt spesifikke masterprosjekt.

Som nemnt ovanfor har vi tankar om eitt praksisemne, men vi har inntil vidare ikkje ressursar til å drive eit slikt emne. Dessutan tydar erfaringane frå vårt søsterinstitutt i Oslo på at det ikkje er særleg populært blant studentane. Truleg er det vel så viktig for den vidare karrieren til studentar i vårt fag er at dei tek utanlandsopphald.

Elles trur vi at ein grunn til at vi skårer lågt på medvirkning er at vi ikkje har gode rutiner på å formidle til studentane at vi faktisk gjer endringar basert på evalueringar og tilbakemeldingar vi får frå dei.

Årsrapport for utdanning 2019 er vedtatt i Institutt for sosialantropologi sitt Undervisingsutval den 09.03.2019 og Instituttråd den 12.03.2019.